

*Nissedal kommune*  
*Flykningtenesta*

# Plan for busetting og integrering av flyktningar i Nissedal kommune

## 2015 - 2017



## Innhold


<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for planen</b> .....	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Introduksjonsprogrammet og lovgrunnlag</b> .....	<b>4</b>
<b>4</b>	<b>Grunnlag for arbeidet</b> .....	<b>4</b>
	<i>MOTTO: "HJELP TIL SJØLVHJELP»</i> .....	4
<b>5</b>	<b>Å verte buande i Nissedal. Integrering</b> .....	<b>5</b>
<b>6</b>	<b>Fasar i flyktingarbeidet</b> .....	<b>5</b>
6.1	Forberedingsfase.....	5
6.2	Etableringsfase.....	5
6.3	Integreringsfase.....	6
6.4	Oppfølgingsfasen.....	6
6.5	Tilbakevending.....	6
<b>7</b>	<b>Mål og handlingsplan</b> .....	<b>7</b>
7.1	Målsetjingar.....	7
7.2	Handlingsplan.....	7
<b>8</b>	<b>Likestilling</b> .....	<b>13</b>
8.1	Likestilling mellom kjønna.....	13
8.2	Likestilling mellom flyktingar og nordmenn.....	13
<b>9</b>	<b>Flyktingtenesta og organiseringa av denne</b> .....	<b>13</b>
9.1	Flyktingtenesta.....	13
9.2	Kultur og fritid.....	13
9.3	Helse.....	14
9.4	Introduksjonsprogram og norskopplæring.....	15
9.5	Barnehage og skule.....	16
9.6	Arbeid.....	19
9.7	Bustad.....	19
9.8	Barneverntenesta.....	19
9.9	NAV.....	19
9.10	Bruk av tolk.....	19
<b>10</b>	<b>Økonomi</b> .....	<b>20</b>
10.1	Integreringstilskot.....	20
10.2	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere:.....	21
10.3	Etableringsutgifter.....	21
<b>11</b>	<b>Avslutning</b> .....	<b>22</b>
	<b>Vedlegg</b> .....	<b>22</b>
	Introduksjonsloven.....	22
	Tips og eksemplar.....	22

## 1 Innleiing

I 2014 søkte 11 500 personar vern (asyl) i Noreg. Dette er 4 prosent færre enn i 2013, i følgje tal frå UDI. Av desse er det 50-60% som får opphald i landet, på ulike grunnlag. Flyktningane skal busettas i kommunane i heile landet, for å verta ein integrert del av det norske samfunnet. Dei skal lære seg norsk, lære skrivne og uskrivne reglar om Noreg, skapa seg ei ny tilvære i eit nytt land. For å sikre best mogleg integrering har styresmaktene utvikla eit lovverk og ulike verktøy for denne lova. Dette går under namnet Introduksjonsprogrammet, meir bakgrunn om denne under i punkt 3 .

Introduksjonsprogrammet har som mål å fremje betra integrering av den einskilde flyktning. Det finst få grupper i befolkninga som er så heterogene og samansette som gruppa «flyktningar». Det er store variasjonar når det

kjem til alder, utdanning, kultur, religion, tradisjon, sosial bakgrunn og erfaringar. Det einaste dei i utgangspunktet har til felles er håpt om eit betre liv i eit nytt land. Kvar diskusjon som dreier seg om suksessen til den einskilde flyktning i introduksjonsprogrammet må byggje på ein grunnleggande forståing av variasjonane i utgangspunkt og bakgrunn.



Figur: Asylsøkjare, seks største land i 2014 sammenliknet med 2013

Det er frivillig for kommunane å busetja flyktningar, men det er oppretta gode statlege tilskots ordningar som skal sørge for at det skal vere attraktivt for kommunane å drive dette arbeidet. Når ein kommune har sagt ja til å busetje ein flyktning, er det i stor grad opp til kommunen sjølv å avgjere korleis ein skal gjennomføre integreringa av flyktningane som busettas i kommunen.

Det vil på alle måtar vere ein gevinst for kommunen å utarbeide eit godt og solid integreringsarbeid, slik at flyktningen får eit best mogleg utgangspunkt til å verte ein sjølvstendig borger, verte buande og å få eit godt liv i kommunen.

Intensjonen bak flyktningplanen for Nissedal kommune er å sikre ein føreseieleg og systematisk politikk på integreringsfeltet i Nissedal. Mål og resultatstyring er viktig for å lukkast med flyktningararbeidet, og ein god administrativ og politisk forankring er avgjerande.

Denne planen skal trekke opp hovudlinjene i arbeide med flykningar i Nissedal kommune. Den bør reviderast ca. kvart andre år.

## 2 Bakgrunnen for planen

Integrerings – og mangfoldsdirektoratet, heretter IMDi, ba Nissedal kommune i brev 19.02.13 om å fatte langtidsvedtak om busetting av flyktningar for perioden 2014-2016 med følgjande årleg fordeling;

2014: 10

2015: 10

2016: 10

Nissedal fatta i kommunestyresak 1/14 eit negativt vedtak om ikkje å busette flyktningar, og rådmannen reiste på nytt saka i kommunestyret 27.11.14. Det blei då fatta følgjande vedtak;

*"Nissedal kommune seier ja til å busette inntil 30 flyktningar i perioden 2005-2017 i tråd med oppmodinga frå IMDi og to departement; Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Kommunal og regionaldepartementet.*

*Plan for busetting av flyktningar blir utarbeidd og lagt fram for kommunestyret våren 2015. Det må tilsetjast ein flyktningkonsulent som utarbeider ein flyktningplan som skal handsamast i kommunestyret før busetting av flyktningar."*

Kommunen tilsette to flyktningkonsulentar i hhv 70% og 30% stilling i slutten av mars 2015. Det er pr 11.05.15 uvisst kva for flyktningar som kjem til kommunen, Nissedal kommune har sendt tydelige signal til IMDi om at barnefamiljar er ønska til kommunen. Flyktningane kan både kome frå mottak i Norge, eller som overføringsflyktningar/ FNs kvoteflyktningar direkte frå andre land. Dersom det kjem einslege flyktningar med positivt vedtak om familiegjenforening, vil desse flyktningane kome i tillegg til talet på 10 per år. Dei fyrste flyktningane er estimert å busettast her medio august 2015. Nissedal kommune skal busette flyktningar etter oppmoding frå IMDi eller Utlendingsdirektoratet.

### 3 Introduksjonsprogrammet og lovgrunnlag.

Introduksjonsprogram og introduksjonsstønad for nykomne innvandrarar er ein obligatorisk ordning for alle norske kommunar. Undervising i norsk språk og samfunnskunnskap står sentralt i introduksjonsordninga, saman med arbeidspraksis og andre tiltak som skal føre til at deltakarane tek fatt på arbeid eller utdanning når programmet er fullført.

Arbeidet rundt busetting av flyktningar er heimla i Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarar, LOV 2003-07-04 nr 80, med seinare endringar. Lovens føremål er:

-å styrkja nykomne innvandrarars moglegheit for deltaking i yrkes- og samfunnsliv, og deira økonomiske sjølvstende.

Sjå vidare punkt 9.4 Introduksjonsprogram og norskopplæring

Forvaltingslova med sine reglar om fristar, saksarbeid og veiledingspliktar gjeld for Flyktningtenesta på lik linje med andre kommunale einingar og verksemder.

Staten brukar Husbanken og den sin ordningar og verkemiddel når det gjeldet bustader til busetting av flyktningar. Det søkjast og gjevast bustøtte etter vanlege reglar. Nasjonal politikk er at ein i Noreg skal eige bustader. Flyktningar inngår difor i Husbankens bustadsosiale handlingsplan.

### 4 Grunnlag for arbeidet.

**MOTTO: "HJELP TIL SJØLVHJELP»**

Dei som vert busett har meistra å ta seg til flyktningleir eller Noreg som asylsøklar. Dette er ofte ein vanskeleg situasjon, og viser oss menneske med pågangsmot, som kan ordne opp i situasjonen sin.

Dette pågangsmotet og evna til å klara seg bør det byggast vidare på. Deltakarane (i introduksjonsprogrammet)/flyktningane skal verte støtta i det å etablere seg på nytt i ein framand kultur. Men dei skal ikkje takast frå ansvar og initiativ. **Empowerment, hjelp til sjølvhjelp og ansvar for eget liv** skal vere bærande i det kommunale integreringsarbeidet.

Ofte vert tilsette i offentleg teneste hjelpar for dei ein møter, ein målar seg opp mot det å ha ordna opp i noko for nokon. Då følar ein seg viktig. Å la den andre behalde ansvaret sjølv, dytte det tilbake i nokre situasjonar, saman finne løysningsforslag, vurdere alternativ, gje deltakar støtte til å ordna opp og klare sjølv, krev for mange omstilling. Men dersom ein saman klarer det, kan ein glede seg over resultat på eit høgare nivå: Deltakara har sett at han klarer noko sjølv og stiller mykje sterkare i neste

situasjon. Den tilsette kan glede seg saman med ein nøgd deltakar, oppdraget er utført, og deltakar er på veg til å klare seg sjølv. Å bistå ved behov med problemløysing tyder for oss at det den enkelte kan gjere sjølv, evt med assistanse, skal ingen andre overta.

**Å vera trygg** er eit viktig utgangspunkt for å kunne finne seg til rette og utvikle seg. Det er viktig for oss at deltakarane skal kunne vere trygg på at vi gjev dei korrekt informasjon og tek vare på deira rettar. Vi må oppdaterast på lóvar, reglar og anna som gjeld den enkeltes situasjon, og kunne finne ut av det vi ikkje veit.

## 5 Å verte buande i Nissedal. Integrering.

At deltakarane skal verta buande i Nissedal etter introduksjonsperioden er eit viktig mål for flyktingtenesta. Det er viktig å ha fokus på kontakt med nærmiljøet, gjennom arrangement, fritidsaktivitetar og på andre aktivitetar. Frivillige lag og organisasjonar er viktige samarbeidsforum.

Når deltakarane skal ut i språkpraksis og arbeidspraksis skal dei utplasserast på arbeidsplassar i heimkommunen så langt det er mogleg.

Å arbeide saman skapar kontakt, band og kjennskap. Deltakarane skal ha heilårig tilbod i introduksjonsperioden. Nokre av skuleferiane bør nyttast til å ta samfunnskunnskap. Men når dette er unnagjort bør alle deltakarane få tilbod om å nytteskuleferiar til hospitering ved arbeidsplassar rundt i kommunen vår, som ein del av programmet, med same reglar for frávær. Både kommunale og andre arbeidsplassar bør få tilbod om ein ekstra ressurs i feriane, med mål om at dei kan oppdaga nye medarbeidarar, som vikarar, ved sida av introduksjonsprogrammet, eller meir varig. Deltakarane våre bør kunna få deltidarbeid ved sida av skulen på lik linje med andre skuleelever og studentar i kommunen.

### **Flyktingeguide;**

Som hjelp i intergreringsarbeidet er det ynskeleg at familiar og enkeltpersonar blir flyktingeguidar for dei busette. Felles aktivitetar, turar og opplevingar kan styrke integreringa for dei nykomne.

## 6 Fasar i flyktingarbeidet

### 6.1 Forberedingsfase

- IMDi søker ut flyktingar til kommunen.
- Flyktingtenesta i samråd med rådmann avgjer om kommunen kan ta imot dei aktuelle flyktingane. Ved tvil kan andre aktuelle einingar konsulteras før kommunen aksepterer busetjinga.
- Flyktingtenesta vitjar flyktingane i mottak i Norge og informerer om kommunen.
- Flyktingtenesta sørgjer for at bustad og husleigekontrakt er klart før busetting.
- Flyktingtenesta har ansvaret for at einingane som vil bli omfatta av busetting vert førebudd.

### 6.2 Etableringsfase

- Flyktingane assisteras av flyktingtenesta ved busetting til kommunen slik at dei kjem i orden i bustaden.
- Ved busetting får flyktingane ein informasjonsfaldar om kommunen som òg skal innehalde annan viktig informasjon som til dømes telefonnummer til lege, politi og brannvesen. Flyktingane vert teke med på omvising i kommunen og på besøk til blant anna barnehage, skule, kommuneadministrasjon, helsesenter, vaksenopplæring etc. Flyktingtenesta har ansvaret.
- Flyktingtenesta sørgjer for at det vert søkt om fastlege, at det vert avtalt ein time hos helsesenter for helsesjekk og hos tannlege for tannhelsesjekk.

- Behov for tolk vurderas fortløpande hos den einkilde eininga som har kontakt med flyktingane.
- Flyktingtenesta avklarar flyktinganes utdanning og arbeidsrøynsle i samråd med vaksenopplæringa. Tolke vert nytta.
- Overføringsflyktingar skal testast for tuberkulose innan 48 timar etter busetting.
- Flyktingtenesta har ansvaret for at dette organiseras med involverte einingar.

### 6.3 Integreringsfase

- Flyktingtenesta følgjer opp den einkilde flyktingen slik at planen for integreringsfasen vert føljt og slik at dei rette instansane vert trekt inn på rett tidspunkt.
- Flyktingtenesta søkjer om integreringstilskot. Det fattas vedtak om introduksjonsprogram i NIR. (Nasjonalt introduksjonsregister).
- Eining for skule søkjer om tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag i NIR registeret i samråd med flyktingtenesta.
- Flyktingtenesta sørgjer for at flyktingguidar vert tilgjengeleg.

### 6.4 Oppfølgingsfasen

Etter integreringsfasen kan flyktingane enno ha behov for bistand frå flyktingtenesta i høve til jobbsøking, familiegjening og andre ting.

Hovudmålet skal vera på å søkje arbeid og verta sjølvforsørgt. NAV kan nyttast for kurs og andre tiltak i jobbsøkingsfasen.

### 6.5 Tilbakevending

Dersom det vert aktuelt for flyktingen å vende tilbake til heimlandet sitt vil statens retningslinjer og stønadssatsar for dette vert føljt. Flyktingtenesta vil følgje opp her.

## 7 Mål og handlingsplan

### 7.1 Målsetjingar

#### Strategisk overordna mål

Det strategiske målet gjev ei overordna retningslinje som skal verte følgt opp over tid. I denne planperioden er det overordna målet at:

Flyktningane som skal busetjast i Nissedal kommune skal takast imot på ein god måte og vere integrert i løpet av ein fem års periode.

#### Delmål

For å kunne vurdere måloppnåing av det strategiske målet er det sett fast målbare delmål. I denne planperioden er delmåla:

- Kunnskap om flyktningarbeidet skal aukast blant dei tilsette i kommunen, blant frivillige organisasjonar og blant innbyggjarane i planperioden.
- Flyktningarbeidet skal være organisert slik at det fremmer integreringa i ulike fasar - det første året, 2-3 år etter busetting og 5 år etter busetting.

### 7.2 Handlingsplan

Handlingsplanen viser korleis delmåla skal bli følgt opp i praksis med ulike tiltak, kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka og korleis effekten av tiltaket skal målast. Handlingsplanen følgjer på dei neste sidene:

## Handlingsplan

I	Strategisk mål: Flyktningane som busetjast i Nissedal kommune skal bli tatt godt imot og integrerast i løpet av ein fem års periode.					
	Delmål: Kunnskap om flyktningarbeidet skal aukast blant dei tilsette i kommunen, blant frivillige organisasjonar og blant innbyggjarane i planperioden.					
ETABLERINGSFASE	Tiltak	Mål for tiltaket	Skildring og leveransar	Frist	Ansvar	
	Vitje andre aktørar og kommunar som har kompetanse og erfaring på integrering	Møte med IMDi, drøfte flyktningarbeid, utfordringar med meir	Auka kunnskap og forståing internt i kommunen	Før busetting og fyrste året.	Einingsleiar kultur og flyktningtenesta	
	Informere via media	Bruke Vest Telemark Blad og informasjonsmagasin for Nissedal, samt andre informasjonskanalar for å informere om flyktningarbeidet i kommunen	Auka kunnskap og forståing for integreringsarbeidet blant tilsette og innbyggjarane i kommunen	Før busetting og fortløpande	Flyktningtenesta	
	Vidare informasjonsarbeid	Informasjonsarbeid gjennom kontakt med media og til dømes frivillige organisasjonar som arbeider med flyktningane.	Auke kunnskap og forståing for integreringsarbeidet. Involvera frivillige	Fortløpande	Flyktningtenesta og NIV	
	Flyktningplanen er kjent for alle einingane og frivillige lag og organisasjonar	Flyktningtenesta informerer gjennom ulike fora	Gje innbyggjarane i kommunen god informasjon	Fortløpande	Flyktningtenesta og NIV	
	Møte i samordningsråd for flyktningar	Gjennomføre samarbeidsmøte internt i kommunen mellom dei som arbeider med flyktningane.	Styrke samarbeide slik at flyktningane får ei koordinert teneste. Dele erfaringar og lære av kvarandre.	Fortløpande	Einingsleiar kultur og flyktningtenesta	



<b>II</b>	Strategisk mål: Flyktningane som busetjast i Nissedal kommune skal bli tatt godt imot og integrerast i løpet av ein fem års periode.			
	Delmål: Flyktningarbeidet skal organiserast slik at det fremjar integreringa. Dette skal målas i høve til følgjande kriterium: <ul style="list-style-type: none"> <li>Flyktningane skal fungere godt i tildelt bustad og får den hjelpa dei treng for å klare dagleglivet.</li> </ul>			
<b>INTERGRERINGSGFASE</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Skildring og leveransar</b>	<b>Frist</b>	<b>Ansvar</b>
	Det skal utarbeidast ein individuell plan for den einskilde	Planen må utarbeidast saman med den einskilde.	4 månader etter busetjing	Flyktningtenesta
	Introduksjonsprogrammet skal settast i verk så fort som mogleg.	Nissedal Vaksenopplæring(NIV) må kontaktast før flyktningen som skal ha norskopplæring kjem.	1 heile veke etter busetting.	Flyktningtenesta i samråd med NIV
	Barn og unge i grunnskulealder skal snarleg få skuletilbod	Skulen må kontaktast i god tid før borna vert busett.	1 veke etter busetjing	Flyktningtenesta
	Flyktningane skal få bistand til å koma i gang med fritidsaktivitetar.	Det vert avklart kva for interesser den einskilde har og aktuelle lag/samskipnader kontaktast. Arrangere møter med Treungen Idrettslag og Frivillighetssentralen.	1 måned etter busetjing.	Flyktningtenesta i samråd med einingsleiar kultur. Samarbeidspartner her blir også eining for helse og rehabilitering.
	Barn i barnehagealder skal ha barnehageplass.	Barnehage må kontaktast i god tid før borna vert busett.	1 måned etter busetjing	Flyktningtenesta
	Det skal etablerast helsetilbod for dei som har spesielle behov.	Det vert søkt om fastlege og helsestasjonen informeras.	1 veke etter busetjing	Flyktningtenesta i samråd med helsestasjon.
	Flyktningane vert førebudd til yrkeslivet blant anna gjennom språkpraksisplassar.	Det vert skaffa språkpraksisplassar.	3 månader etter busetjing	NIV i samråd med flyktningtenesta
	Flyktningeguidar skal vera i funksjon	Det vert annonsert og informert om behovet for flyktningguidar i media.	Fortløpande	Flyktningtenesta i samråd med Nav-leiar

<b>III</b>	Strategisk mål: Flyktningane som busetjast i Nissedal kommune skal bli tatt godt imot og integrerast i løpet av ein fem års periode.				
	Delmål: Flyktningarbeidet skal organiserast slik at det fremjar integreringa. Dette skal målas i høve til følgjande kriterium: <ul style="list-style-type: none"> <li>Flyktningane skal etter 2-3 år være i arbeid eller under utdanning.</li> </ul>				
<b>INTERGRERINGSFASE</b>		<b>Tiltak</b>	<b>Skildring og leveransar</b>	<b>Frist</b>	<b>Ansvar</b>
		Introduksjonsordninga vert vidareført.	NIV leverer programmet	Fortløpande	Flyktningtenesta og NIV
		Arbeidspraksis og andre tiltak som førebur for vidare opplæring eller tilknytning til arbeidslivet vert gjennomført	Arbeidsgjevarar involverast gjennom invitasjon til møte, kontakt med den einskilde arbeidsgjevar og informasjon i media.	Første månad etter busetjing	Flyktningtenesta og NAV Leiar
		Barn og unge får oppfølging slik at dei deltek i fritidsaktivitetar på linje med andre.	Kontakten med lag og organisasjonar vert oppretthalde	1 veke etter busetjing	Flyktningtenesta i samråd med einingsleiar kultur.

<b>IV</b>	<b>Strategisk mål:</b> Flyktningane som busetjast i Nissedal kommune skal bli tatt godt imot og integrerast i løpet av ein fem års periode.			
	<b>Delmål:</b> Flyktningarbeidet skal organiserast slik at det fremjar integreringa. Dette skal målas i høve til følgjande kriterium: <ul style="list-style-type: none"> <li>Flyktningane skal etter 5 år vere sjølvhjulpne og ha eigen bustad.</li> </ul>			
<b>OPPFØLGINGSFASE</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Skildring og leveransar</b>	<b>Frist</b>	<b>Ansvar</b>
	Flyktningane vert involvert i flyktningarbeidet som ressurspersonar for andre flyktningar.	Opplæring gjennom møter og kurs.		Flyktningtenesta
	Flyktningane kjøper eige hus i kommunen.			Flyktningen sjølv

## 8 Likestilling

### 8.1 Likestilling mellom kjønna.

Norsk likestilling gjeld i arbeid med integrering. Ektefellar skal ha kvar sin konto og få inntektene sine på kontoen sin. I samtale og rettleiing har vi likestilling mellom kjønna i fokus og flyktingtenesta i Nissedal vil spesielt arbeida for at kvinnelege flykningar skal integrerast i det norske samfunnet.

Ei god integrering av flykningar føreset god og full integrering av kvinnene. Flyktingtenesta vil ha fokus på dette gjennom nettverksbygging og gjennom å arrangera spesielle arrangement (for eksempel seminar, konferansar, etc.)

### 8.2 Likestilling mellom flykningar og nordmenn.

Likestilling ved etablering og oppfølging inneberer at flykningar ikkje skal få betra ordningar og ytingar enn andre innbyggjarar i same situasjon. Likestilling inneberer òg at deltakarane skal møtast på same måte og stillast same krav til som andre innbyggjarar. Den einskilde eininga/verksemd skal følgja opp alle på same måte. Bruk av tolk for å sikre forståing er ein del av denne likestillinga: Alle skal møtast på nivået sitt og med behovet sine.

## 9 Flyktingtenesta og organiseringa av denne

### 9.1 Flyktingtenesta

Det er tilsett to Flyktingkoordinatorar i til saman 100 % stilling av kommunen.

Flyktingtenesta er plassert i eining for kultur og rapporterer til einingsleiar for kultur.

Flyktingkoordinator er eit betre ord å bruke enn flyktingkonsulent. Dette fordi denne skal koordinere eit arbeid (les integrering) der ulike einingar og enkelt personar i kommunen har eit felles ansvar. Flyktingkoordinator skal leggje til rette og fasilitere ein god integrering.

Flyktingtenesta har eit samordnings- og planleggingsansvar innanfor arbeidet til kommunen med busetjing og integrering av flykningar. Eigne detaljerte rutinar for dette er under utarbeiding.

Dei tilsette i flyktingtenesta vil handsame busetjing; innreie bustad, hente dei som kjem, informere om busetjing og gi burettleiing.

Eining for helse, les Kåsa, kan bistå flyktingtenesta i burettleiing av flykningar.

Snart går flyktingen over som deltakar i Introduksjonsprogrammet, og endrar status til deltakar. Ein del av oppgåvene til flyktingtenesta endrar seg då til programrådgjeving. Flyktingtenesta administrerer arbeidet rundt tildeling av introduksjonsprogram og utbetaling av introduksjonsstøtte. Dette innebærer å kartlegg den enkeltes bakgrunn og kompetanse, og å utarbeide ein individuell plan og følgjer opp denne saman med deltakaren. Vidare assistere med å finna språkpraksis og arbeidspraksis i heimkommunen.

### 9.2 Kultur og fritid

Flyktingane skal kunna delta i organisasjons- og idrettslivet på lik linje med øvrige innbyggaren. Det er viktig for integreringa at flyktingen får eit nettverk. Flyktingtenesta er plassert i eining for kultur og dette gjæver eit sterkt signal om at denne sida ved integreringa skal lyftast høgt. Aktuelle samarbeidspartnarar er det lokale næringslivet, lag og organisasjonar i kommunen, kyrkje og frivilligsentralen.

Det skal utarbeidast ein plan i løpet av 2015 for korleis ein kan rekruttera og læra opp einskildpersonar som kan følgja flyktingen eller flyktingfamilien på fritida (flyktingguide).

### 9.3 Helse

Helsetjenestetilbudet i kommunen skal følge retningslinjene i :

1. "Veileder til Helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjennforente". IS-1022 2010. Helsedirektoratet.

2. "Veileder til forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenester" IS-1154 Helsedirektoratet.

Det skal også vere eit spesielt fokus på omskjering av kvinner og barn.

#### Før busetjing

Helsesyster får skriftleg melding frå flyktningkoordinator om mottak av nye flyktningar, med kopi av aktuell informasjon om personane.

#### **Ved busetjing av flyktningar frå asylmottak:**

Helsesyster kan ta kontakt med helsestasjonen i asylmottakskommunen for å få førstehandsinformasjon om flyktningane, dersom naudsynt.

#### Etter busetjing

#### **Time på helsestasjonen med lege tilstade:**

Nye flyktningar vert kalla inn til registrering og førstegongsundersøking /samtale med helsesøster og lege. Det nyttas tolk.

#### **Helsesyster gjev orientering om:**

- helsetilbudet i kommunen
- tuberkulinkontroll og vaksinerings
- gje informasjon om psykososiale tenester, evt. bestiller time hos psykolog dersom det er aktuelt - i samarbeid med tolk.

#### Oppfølging etter første samtalen med flyktningane:

- lesa av pirquet
- evt. bestille røntgen/thorax på sjukehuset
- tilvising til andre aktuelle instansar

#### Heimebesøk:

Dersom mogleg gjennomfører helsesyster eit heimebesøk til familiar med barn innan to veker etter busetjing, og ser på korleis familien meistrar den nye livssituasjonen sin

#### Vurderer behovet til familien for informasjon og oppfølging av:

- stell og omsut
- kosthald og søvn
- ulykkeforebyggande arbeid
- aktivitet inne og ute
- mishandling/vald
- barneoppseding
- innsynsrett og opplysning om helsekort til barn
- hygiene

#### Tuberkulinattest

Dersom deltakar skal i praksis som inkluderer arbeid med menneskjer, skal det leveras tuberkulinattest etter Forskrift om tuberkulinkontroll og lovverket for den ein-skilde teneste.

#### Tannlege

Flyktningtenesta bestiller tannlege og tolk, om naudsynt, for vurdering av behandling. Behandlinga kan setjast i gang etter kostnadsoverslag frå tannlegen og vedtak om betaling, om naudsynt etter råd frå fylkestannlegen.

### Deltakarar med funksjonshemmingar

For busetting av personar med kjente funksjonshemmingar yter IMDi ekstra tilskot. Helsetenestene har ansvar for oppfølging av desse på lik linje med andre innbyggjaren. Helsetenestene og flyktingtenesta samarbeider kvart år om å sende krav til IMDi på ekstra tilskot

### Omskjering av kvinner

Flyktingtenesta i samråd med eining for helse vil spesielt ha fokus på omskjering av jenter ved mottak av flyktingar frå land der dette er spesielt utbredt. Det vil utarbeidast ein eigen plan for dette som følgjer nasjonale retningslinjer og som er førebyggjande. Det er allereie god kompetanse på denne problematikken i kommunen, både i flyktingtenesta, på helsestasjon og legesenter. Flyktingtenesta vil legge opp til å søkje ekstratilskot for førebyggjande aktivitet innan området om dette vert aktuelt.

## **9.4 Introduksjonsprogram og norskopplæring.**

Einingssleiar for skule har ansvar for opplæring av vaksne flyktingar gjennom Nissedal Vaksenopplæring (NIV). NIV har to tilsette i til saman 160% stilling. Det vert arbeidd med å skaffe eit meir egna lokale til vaksenopplæringa enn det som no er i bruk.

Det vil vere eit tett samarbeid mellom Flyktingtenesta i kommunen og NIV.

Målet er at personer med rett og plikt til Introduksjonsprogrammet som busetjast i Nissedal skal bli deltakar etter dag 1 ved busetjing. Dei vil då få introduksjonsstønad og ikkje vere avhengig av sosialhjelp.

Programmet varer i 2 år, ved særlege grunner i 3 år. Programmet skal vere heilårleg og på fulltid. Det skal innehalde norskopplæring i 250 – 3000 t, og 50 t samfunnskunnskap på morsmålet. Det vil bli eit samarbeid med andre kommunar om å tilby samfunnskunnskap på morsmål. Deltakar har rett på *individuell plan* som viser nåverande kompetanse og vidare målsetjingar. Nokon av dei unge deltakarane har òg rett på grunnskule, og kan ta det i introduksjonsperioden.

Alle flyktingar og familiesameinte med vedtak om opphaldsløyve i Noreg etter 01.09.05 er registrerte i NIR som er eit nasjonalt introduksjonsregister. Relevante opplysningar om personen som vedtak, undervisningstimetal, fram møte og liknande leggjast inn i registeret.

Kommunale brukarar og IMDi har tilgang.

Flyktingane skal få tilbod om arbeidspraksisplass gjennom programmet som ein del av opplæringa. Kvar eining i kommunen plikter å stille med ein språkpraksisplass, og på den måten vere eit godt førebilete i kommunen. Det vil også bli eit samarbeid med det lokale næringslivet.

Introduksjonsprogrammet skal minst innehalde opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og tiltak som forbereder til vidare utdanning eller arbeid. Det er kommunane som har ansvar for å gjennomføre programmet. IMDi har rettleiing- og oppfølgingsansvar overfor kommunane og deira arbeid med introduksjonsprogrammet. Fylkesmannen har tilsyn og er kontrollinstans overfor kommunen.

Deltakar får utbetalt introduksjonsstøtte ved deltaking i programmet. Denne er på 2 gonger grunnbeløpet i folketrygda, ca. 168 408 pr. år. Dette vert utbetalt som pensjon utan arbeidsgivaravgift. Ytinga gjev pensjonsrettar, men ikkje rett til løn ved sjukdom, fødselspengar og liknande. Ved ureglementert fråvær blir det trekk i ytinga. Det er mogleg å ha inntekt i tillegg til introduksjonsstøtaden utan trekk.

Det er egne regler for samordning med eventuelt andre ytingar frå NAV. Det blir også eit tett samarbeid med NAV i introduksjonsperioden, som skal sikre at den enkelte har opparbeid seg kompetanse til å delta i yrkeslivet etter introduksjonsperioden.

### **Innhald i introduksjonsprogram**

Kvalifiseringa skal ligge så nær opp til normalarbeidsdagen og arbeidslivets reglar som mogleg, og det er knytt økonomisk støtte til deltaking i programmet. Innhaldet i programmet skal være tilpassa den enkeltes nivå, samt utforma i samråd med den enkelte.

"Kva som defineras som heil dag stend i samsvar med i kva grad tiltaka og elementa i programmet krev tidsbruk ut over det som er bunde i programmet (eller står på deltakarens timeplan). For program som inneheld aktivitetar utan krav til for- eller etterarbeid, er norma 37,5 timer per veke."

Kilde: Rundskriv Q-20/15 i veiledende retningslinje til § 4.

For program som i all hovudsak inneheld opplæringstiltak med tydelege krav til eigenaktivitet, samt for- og etterarbeid heime, skal 30 timer i veke være fulltid. Spennet mellom 30 timer og 37, 5 timer i veka gir rom for eit viss grad av skjønn i tilpassinga til programmet.

Ei målsetjing for introduksjonsprogrammet er at deltakaren følgjer arbeidslivets regler for ferie og fridager. Dette tyder at programmet vil gå over 47 veker og at det er 5 veker ferie.

#### **Eksempel på aktiviteter i ulike faser av eit introduksjonsprogram;**

##### **Fase 1** (fra dag 1 i programmet)

Norskopplæring

Samfunnskunnskap på morsmål

Bli kjent i lokalsamfunnet

Kurs i bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)

Samtaler med kontaktperson og eventuelt andre i teamet

Igangsette/følge opp godkjenningsprosedyrer og oversetting av aktuelle dokumenter

##### **Fase 2**

Norskopplæring

Samfunnskunnskap med fokus på kunnskap om utdanningssystemet og arbeidsliv

Språkpraksis plass

Samtaler med kontaktperson og eventuelt andre i teamet

Temagrupper/valgfag

Sjølvestudium (for eksempel migranorsk eller nynorsk) m.m.

Frivillige organisasjonar (NGO-er): konversasjonspraksis

Flyktningguide

Realkompetansevurdering gir innvandre eit tilbod om å få vurdert sin yrkesutdanning og praksis i forhold til ei norsk fagprøve

##### **Fase 3**

Norskopplæring

Samfunnskunnskap med spesiell fokus på kunnskap om utdanningssystemet og arbeidsliv

Jobbsøking

Samtaler med kontaktperson og eventuelt andre i teamet

Norsk kombinert med arbeidspraksis (samarbeidstiltak mellom kommune og NAV)

Arbeidspraksis

Yrkesopplæring kombinert med praksis

Spesielt tilrettelagte tiltak for nykomne i regi av NAV

##### **Fase 4**

Ordinær utdanning.

Ordinære kvalifiseringstiltak

Tilrettelagte og ordinære tiltak i regi av Nav

## **9.5 Barnehage og skule**

Skule og barnehage er viktige arena i integreringsprosessen og det vil vere eit tett samarbeid mellom flyktningtenesta og desse einingane. Det lages egne samarbeidsavtalar mellom tenestene.

### **Skule**

Grunnskule:

#### **FØR Busetjing**

Flyktningtenesta skal inn i felles personalmøte for skulane i kommunen og informere om status presens og avklaring av roller.

Rektor vil få melding frå Flyktingtenesta om nye barn i grunnskulealder, og kva ein veit om deira bakgrunn og drøfter følgjande:

- organisering
- særlege tiltak om ein finn det nødvendig

#### VED BUSETJING

##### **Møte med skulen, evt. på fellesmøte m/telefonolk:**

Rektor og aktuell lærer kallar inn elev og foreldre til det første møtet med skulen. Det må som oftast nyttast tolk. Aktuelle moment for drøfting/avklaring er:

- kartlegging av eleven
- informasjon om skulen
- skuledagen
- lærarane ved skulen
- regelverk
- retter og plikter (Foreldremøter er viktig, om nødvendig med tolk).
- faginnhald/fritak/morsmålsopplæring/tospråklig assistent
- evt. leksegrupper
- bruk av SFO, leksehjelp
- samarbeid med heimen, dugnad
- mjølkepengar

##### **Særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elever.**

Skulen har ansvar for å legge til rette for at barn med spesielle behov får tilpassa undervisning. Skulen følgjer lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa;

§ 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

*Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.*

*Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skule enn den eleven til vanleg går ved.*

*Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.*

*Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.*

*Kommunen kan organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller skolar. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i slik gruppe, klasse eller skule, må dette fastsetjast i vedtaket om særskild språkopplæring. Vedtak om slik opplæring i særskilt organisert tilbod kan berre gjerast dersom dette er rekna for å vere til beste for eleven. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan vare inntil to år. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. I vedtaket kan det for denne perioden gjerast avvik frå læreplanverket for den aktuelle eleven i den utstrekning dette er nødvendig for å vareta eleven sitt behov. Vedtak etter dette leddet krev samtykkje frå elev eller føresette.*



**Morsmåslærer:**

Skulen kartlegg behov, søkjar om statlige tilskot, evt. lyser ut stilling og tilset. Skulen har ansvar for at morsmåslærer har nødvendig skulering og at undervisningsmateriell blir skaffa. Det er viktig at det på skulen blir tilrettelagt for et godt samarbeid mellom morsmåslærer og faglærer til den enkelte elev. (NOU 1995:12 - Opplæring i eit fleirkulturelt Noreg).

**Tospråklig assistent:**

Skulen kartlegg behov for tospråklig assistent. Skulen lyser evt. ut stilling og tilset. Det er viktig at tospråklige assistent får opplæring og vegleiing undervegs. Merk at dei ikkje skal nyttast til tolkeoppdrag (møter med foreldra m.m.). Rolla til tospråklig assistent er å hjelpe til med kommunikasjon mellom lærer og elev, og mellom elev og medelev, den første tida etter busetjing. Det er viktig med et tidsperspektiv på slik hjelp, den bør trappast ned gradvis etter progresjon i norskopplæringa. Dersom skulen har behov for bruk av tolk i samband med informasjon eller møte med foreldra, skal tolk bestillas.

**Skulefritidsordning (SFO):**

Skulen informerer om skulefritidstilbodet, og evt. tilbod om leksehjelp. Eit av fokusområda i SFO er å gje barn ei trygg fritid før og etter skuledagen. Det leggas vekt på at dette er barnets fritid, og aktivitetane vil vise dette. Det leggas til rette for at barn kan leike både ute og inne, og ha ulike val blant aktivitetane.

**Barnehage****FØR BUSETJING**

Flyktingtenesta skal inn i felles personalmøte for barnehagane i kommunen og informere om status presens og avklaring av roller.

For busetjingsklare familiar med barn i barnehagealder, får styrer melding frå Flyktingtenesta om behov for barnehageplass. Å skaffe tilbod blir et samarbeid mellom Flyktingtenesta og styrer i barnehagen.

**VED BUSETJING**

Barnehageplass skal vere tilgjengeleg ved busetjing, fortrinnsvis i Treungen barnehage, då flyktingane ikkje disponerer eigen bil. Flyktingtenesta følgjer familien på besøk til barnehagen.

**Møte med barnehagen:**

Styrer og aktuelt personell gir informasjon til foreldre evt. på fellesmøte m/tolk. Aktuelle moment for drøfting/avklaring er:

- informasjon om barnehagen
- dagsrytme/vekeplaner/årsplan (tolken kan omsette de viktigaste delane skriftlig)
- tilsette omkring barnet og foreldra si rolle
- regelverk, retter og plikter
- pedagogisk opplegg/aktiviteter/fridager
- tospråklig assistent/tolk
- samarbeid med heimen
- matpengar

**Tospråklig assistent:**

Styrer vurderer behov og bruk av tospråklig assistent. Styrer lyser ut stilling og tilset.

**Spesielle behov:**

Barnehagen følgjer vanlig rutine for oppmelding av barn som ein meiner har behov for særlege tiltak.

## 9.6 Arbeid

Målsetninga er at alle vaksne flyktningar skal være i arbeid eller annen utdanning innan introduksjonsprogrammet er ferdig. Flyktningtenesta må bistå flyktningane i samarbeid med Nav. Arbeidsgjevar i kommune og næringsliv må bli informert og involvert i integreringsarbeidet.

## 9.7 Bustad

Flyktningane skal få tilbud om å leige egne bustad ved busetting. Det gjevast kunn eitt tilbud om bustad. Utgifter til bustad skal ikkje avvike frå det som elles er godkjent av Nav, eller være dyrare enn at flyktningane vil kunne handsame utgiftene sjølv når de blir sjølvhjelpete. Husleige skal i utgangspunktet dekkas av introduksjonsstønad. Supplerande sosialhjelp kan bli aktuelt.

Nissedal kommune vil i all hovudsak stå som utleigar. Eining for teknisk drift har ansvaret for utleie av bustader til flyktningane, her under også vedlikehald, reparasjonar, og oppgradering. Bustaden kan leigas av kommunen i 3 år, etterkvart som flyktningane blir økonomisk sjølvhjelpete skal dei skaffe seg egen bustad. Det kan søkast om vidare leige etter dette. Kommunikasjonsmessige forhold tilseier at bustaden må ligge i nærleiken av Treungen sentrum.

Kommunen får inntil 40% tilskot frå Husbanken ved kaup av utleigebustader til flyktningar. Kommunen har ubehandla søknader inne hos husbanken pr dags dato. Kommunen kjøper både hus som ligg for sal og vil bygge nye utleigebustader.

Bustadspørsmålet må sjåast i samanheng med bustadsosial handlingsplan.

## 9.8 Barneverntenesta

Mottak av einslege mindreårige skal meldast til barneverntenesta. Kommunen kan søkja om tilskot og refusjon for visse utgifter i samband med barnevernstiltak for einslege mindreårige. Det må utarbeidast ei rutine for samarbeid mellom barnevernet og andre aktørar i flyktningarbeidet i løpet av planperioden.

## 9.9 NAV

Før og etter busetjing skal det vere eit tett samarbeid mellom Flyktningtenesta og NAV om økonomiske spurnader og om andre praktiske førebuingar. Det er viktig at introduksjonsordninga kjem i gang raskast mogleg etter busetjing. Den første heile veke etter busetjing skal deltakarar i Introduksjonsprogrammet kome i gang med språkopplæring. Introduksjonsstønad vert utbetalt når programmet er i gang.

Flyktningtenesta vil etter kvart bruke NAV som eit ressurscenter for tiltak som kan iverstetjast for å stimulere flyktningane ut i arbeid. Ein personleg plan skal setjast opp for kvar einskild flyktning. Her vil det også vere viktig for flyktningtenesta å samarbeide med NAV om tiltak inn mot å arbeidstrening og kompetansehevande opplæring.

Flyktningtenesta skal bistå for å søkja om andre ytingar flyktningane kan ha krav på som til dømes barnetrygd og bustøtte så fort flyktningen er buset.

## 9.10 Bruk av tolk

Å forstå kvarandre er grunnleggjande for all god kommunikasjon. Det gjev òg mykje av grunnlaget for tryggleik og utvikling.

Dersom deltakar kan engelsk, vert det nytta i felles kommunikasjon. Om naudsynt vert brukt tolk av og til for å sikre at alt vert forstått rett. Det har begrensingar å bruka eit framandspråk på begge kantar, men vi opplever at det òg gjev begrensingar å bruka tolk.

Ein bestiller seinst dagen før, må ha tilgjenge til høgttalande telefon, og ringar opp tolken til sett fast tid.

Hos lege skal det brukast ekstern tolk, så framti ikkje deltakar sjølv ber om intern tolk. Det skal ikkje leggjast opp til at barn vert brukt som tolk.

Når deltakar har vore i norskopplæring eit år reknar vi med at norskkunnskapane er så gode at ein

kan klara seg utan tolk. Treng deltakar enno å bruka tolk må det leverast velgrunna søknad om dette til flyktingtenesta.

### 9.11 Prioritering av personell

I samband med målet om god integrering blir det opp til kvar eining å omdisponere personell til beste for det kommunale integreringsarbeidet. I saker der det er kartlagt behov for auking av personalressursar vil dette blir eit samarbeid med flyktingtenesta og den enkelte eining. Der det finns andre tilskotsordningar, les PPT, barneverntenesta, fylkesmannen, IMDi , skal einingane fyrst søkje tilskot her.

## 10 Økonomi

Eit eige budsjett for flyktingtenesta vil kvart år bli utarbeida. Dette gir informasjon om korleis inntekter og utgifter vil bli fordelt mellom einingane i kommunen.

Det er i hovudsak to tilskot som kommunen får i forbindelse med busetjing; integreringstilskot og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere.

### 10.1 Integreringstilskot

**Stortinget har fastsatt følgjande satsar for integreringstilskot i 2015:**

Busettingsår	Sats
År-1 (2015)	kr. 182 000 (vaksen)*
	kr. 182 000 (barn)*
	kr. 232 000 (einslig voksen)
	kr. 182 000 (einslig mindreårig)
År-2	kr. 210 000
År-3	kr. 152 000
År-4	kr. 82 200
År-5	kr. 70 000
Barnehagetilskot	kr. 24 400 (eingongstilskot)
Eldretilskot	kr.157 500 (eingongstilskot)
Einslig mindreårig	kr. 191 300 (ekstra tilskot utover barnesats)
Personer med kjente funksjonshemmingar;	Tilskott 1: kr. 175 900 (eingongstilskot)Tilskott 2: Inntil kr .1 080 000 i inntil 5 år

\*Personer regnes som vaksne frå og med året de fyller 18 år.

Dette svarer til kr 696 200 over 5 år for vaksne, kr 696 200 over 5 år for barn under 18 år, kr 746 200 over 5 år for einslege vaksne, og til kr 696 200 over 5 år for einlige mindreårige. Personar som får vedtak om familieinnvandring med ein person som har opphald på humanitært grunnlag utløyser integreringstilskot i 3 år.

#### Målgruppa for integreringstilskotet;

Flyktingar mellom 18 og 55 år har rett og plikt til å delta i Introduksjonsprogrammet.

Introduksjonsstønad utgjer 2 x grunnbeløpet pr. år Introduksjonsstønad utbetales som lønn og det trekkas skatt. Integreringstilskot vert utbetalt for personer som har fått beskyttelse i Norge, personer som har fått opphaldstillatelse på humanitært grunnlag etter utlendingslova på grunnlag av søknad om asyl, og personar som har fått kollektiv beskyttelse i en masseflukt-situasjon, samt overføringsflyktingar med innreisetillatelse.

I tillegg kjem familieinnvandring med desse gruppene, både dei som kjem til Norge samtidig med hovudperson og de som får familieinnvandring på et seinare tidspunkt.

## 10.2 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere:

Kommunen vil få eit tilskot per person i målgruppa for rett og plikt eller bare rett til opplæring som har fått opphaldstillatelse etter 1.januar 2013.

Denne tabellen viser satsane for 2015:

TILSKOT	3 ÅRIG	
	LÅG	HØG
ÅR 1 (2015)	12 800	31 900
ÅR 2 (2014)	22 000	57 800
ÅR 3 (2013)	12 900	35 900

GRUNNTILSKOT TIL SPRÅKOPPLÆRING (minimum 4 deltakarar)	540.000 kr årlig
---	------------------

I kolona "Tilskotsår" er året personene som utløyser tilskotet kom inn i personkretsen, satt i parentes. Tilskotet har to satsar, ein høg sats for personer frå Afrika, Asia, Oseania (unnateke Australia og New Zealand), Øst-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika. Låg sats gjeld personer frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

Bakgrunnen for at ein har to satsar er at dei som har morsmål som ligg nærmare norsk og meistrer det latinske alfabetet, lærer norsk raskare enn andre.

Kommunen må søke tilskotet gjennom NIR; Nasjonalt introduksjonsregister.

## 10.3 Etableringsutgifter

I forbindelse med busetting vil det kome utgifter til etablering. Utgiftene vil variere etter kva slag bustad flyktingane får leie, om dei bur i bufellesskap etc. Større bustadar vil gi utgifter i forbindelse med møbler, kvite- og brunevarer, mens bufellesskap kan være møblert. Etableringstilskot per familiebustad vil utgjere om lag 35.000; 15.000 kr til kvitevarer og 20.000 kr til møblar og inventar.

Overføringsflyktingar vil få eit større etableringstilskot enn flyktingar frå mottak, som allereie har ei mottakspakke med seg frå busetjing i mottaket.

### Sertifikat

Grunna kollektivtilbodet i kommunen, sett opp mot målet om å vere sjølvhjulpen i løpet av ein 2-3 årsperiode, vil det gis eit tilskot til sertifikat. Det er viktig at dette tilskotet er personleg, og ikkje per husstand, så både kvinner og menn får det same tilbodet.

### Økonomisk sosialhjelp

Flyktingane skal sjølv betale utgifter når de mottar introduksjonsstønaden. Dei kan ha behov for supplerande sosialhjelp og dette kan søkjast om på same måte som andre. Undersøkingar viser at utgiftene til sosialhjelp aukar noko i år 6 og 7 etter busetting, dvs de første to årene etter at det ikkje lenger gis integreringstilskot til kommunen.

## 11 Avslutning

Arbeidet med å busetje og integrere flyktningar i Nissedal kommune er nå i startfasen. Flyktningtenesta meiner denne planen legg gode rammer for at vi skal lukkast i dette arbeidet. Det vil bli utarbeida meir spesifikke rutinar og samarbeidsavtaler med dei ulike tenestene i kommunen. Vi vil samarbeide med andre kommunar med kompetanse og erfaring i flyktningarbeidet og har allereie skaffa mykje detaljert dokumentasjon om rutinar, budsjett, vedtak og ymse i forbindelse med mottak og integrering av flyktningar. Det er sannsynleg at det blir lovendingar på området, så evne til omstilling er naudsynt. IMDi blir vidare ein viktig samarbeidspartnar og KS tilbyr nytting kurs i korleis ein kan lukkas i det kommunale integreringsarbeidet.

Planen er likevel fånyttet om ikkje heile kommunen står saman om integreringsarbeidet. Kvar eining, teneste og nissedøl må tenke gjennom kva dei kan bidra med. Om vi samarbeider, dreg nytte av kvarandre, vil dette arbeidet føre til auka folketal i kommunen og ei spennande framtid for Nissedal.

## Vedlegg

### Introduksjonsloven

Sjå lova her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80/null#null>

### Tips og eksemplar

Kva skal til for å lukkast med introduksjonsordninga? Forskingsinstitusjonane Rambøll og Fafo har sett nærare på kva som fungerer og ikkje fungerer i introduksjonsprogram landa over. Her er nokon av tipsa frå dei.

Sjå: <http://www.imdi.no/no/Introduksjonsordningen/Tips-og-eksemplar/>